



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 66

(2004–2005)

Om samtykke til at Noreg deltek i den 10. påfyllinga av Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF-X)

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 27. mai 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen ber Regjeringa om samtykke frå Stortinget til å delta i den 10. påfyllinga av Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF-X). AfDF er Afrikabankgruppa sitt utviklingsfond for dei fattigaste landa i Afrika, som på grunn av manglande lånetiltru ikkje kan få lån i Den afrikanske utviklingsbanken (AfDB). Fondet driv utlån på mjuke vilkår og yter gåvemidlar til fattigdomsreduserande tiltak. Nye ressursar vert hovudsakleg tilførte frå gjevarland som resultat av påfyllingsforhandlingar og gjennom tilbakebetalingar på tidlegare lån. Påfyllingsforhandlingar vert vanlegvis haldne tredjekvart år. Den førre påfyllinga av fondet (AfDF-IX) var i 2002 og gjaldt for perioden 2002-2004. Utlånspolitikken i fondet, omfanget av påfyllinga og byrdefordelinga mellom gjevarlanda utgjer sentrale tema i forhandlingane. Forhandlingane har så langt som mogeleg vore koordinerte med dei parallelle påfyllingsforhandlingane for Verdsbankens utviklingsfond (IDA).

Totalt kjem den 10. påfyllinga på om lag 37 milliardar kroner, medrekna ressursar som blir mobiliserte internt i bankgruppa. Dette er ein auke på nesten 43 prosent i høve til AfDF-IX. Dei utlikna kostnadene som Noreg får med å delta i påfyllinga, kjem på om lag 1 210 millionar kroner, som skal innbetalast over tre år. Dette utgjer 3,54 prosent av påfyllinga, som svarer til den delen Noreg har ytt i

dei siste påfyllingane. I tillegg har Noreg sagt seg villig til å yte eit frivillig bidrag på 120 millionar kroner. Tilskot til AfDF går over kap. 0171 "Multilaterale finansinstitusjoner, post 71 Regionale banker og fond, kan overføres."

Som vedlegg følgjer tabell over tilskota frå dei ulike landa.

2 Bakgrunn

Den afrikanske utviklingsbanken (AfDB) oppretta Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF) i 1973. Noreg har vore medlem i fondet sidan starten, og har delteke i alle fondspåfyllingane. Spørsmålet om norsk medlemskap er behandla i St. prp. nr. 104 for 1972-73, jf. Innst. S. nr. 327 same året. Stortinget gav sin tilslutnad til medlemskapen 6. juni 1973.

Hovudmålsetjinga til fondet er å finansiere fattigdomsreduserande tiltak i låntakarlanda. Låna frå fondet er rentefrie (med eit mindre administrasjonsgebyr), og har opptil 50 års nedbetalingstid medrekna ein avdragsfri periode på 10 år. Ein stor del av fondsmidlane skal no tildelast som gåver.

Både AfDF og AfDB er med i Afrikabankgruppa, med felles styre og administrasjon. I praksis seier ein ofte "banken" enten det er snakk om AfDF, AfDB eller begge. Det øvste vedtaksorganet er guvernørstyret, som møtest ein gong i året.

Mellom årsmøta er banken leidd av eit styre på 18 eksekutivdirektørar, 12 frå regionale medlemsland og 6 frå ikkje-regionale medlemsland. Saman med Sveits og India utgjer dei nordiske landa ei eiga valgruppe med felles eksekutivdirektør i bankstyret. Stillingane som eksekutivdirektør, rådgjevar og assistent roterer mellom medlemslanda i valgruppa. Fram til juli 2007 er eksekutivdirektøren norsk. Dei nordiske landa samarbeider tett i saker som gjeld viktige politikkområde i banken.

3 Forhandlingsprosessen

Det første forhandlingsmøtet var i februar 2004 og forhandlingane vart avslutta i København i desember 2004 etter til saman 4 forhandlingsmøte. I forhandlingane deltok representantar for 23 gjevarland og 4 afrikanske land var med som observatørar. Forhandlingsleiar var Sven Sandstrøm, Sverige.

Eit viktig grunnlag for forhandlingane var resultatet av ei uavhengig evaluering¹ av verksemda i AfDF i dei tre føregåande påfyllingsperiodane (1996-2004). Evalueringa vart lagd fram under det andre møtet. Av to grunnar gjekk ikkje evalueringa direkte inn på effekten av prosjekt og støtte som AfDF har stått bak: for det første er bruken av midlane spreidd over mange år, og dei er framleis berre delvis utbetalte – den fulle effekten vil melde seg endå seinare. For det andre er det så godt som uråd å fastslå samanhengen mellom oppnådde resultat og innsatsen til kvar utviklingsaktør. Målet med evalueringa var i staden å vurdere støtta frå fondet ut frå det som vert rekna som god praksis internasjonalt. Utgangspunktet i 1996 var ein institusjon i krise; banken var svak finansielt, overadministrert og ineffektiv. Evalueringa konkluderer med at dei institusjonelle reformene som seinare er gjennomførte, det strategiske rammeverket og prosessane og utviklingsprogramma som har styrt bruken av påfyllingsmidlane, har vore i tråd med god praksis. Andre evalueringar har stadfest ei klar kvalitetsbetring i prosjektporteføljen til AfDF. Samtidig som det vert slege fast at banken no er ein langt meir kostnadseffektiv, finansielt stabil, slagkraftig, selektiv og resultatorientert utviklingsinstitusjon, peikar evalueringa på at det

¹ "Stepping up to the future: An Independent Evaluation for African Development Fund VII, VIII, IX", utført av ei gruppe spesialistar under leiing av Dr. Keith Bezanson, direktør ved Institute for Development Studies (IDS), Sussex, England

står att mange utfordringar når det gjeld mellom anna desentralisering, analyse- og forskingskapasitet, underbemanning, landfokus og komparative fordelar. Tilrådinga i evalueringa er todelt; for det første må dei gjennomførte reformene konsolidere og uløyste utfordringar taklast, dernest må fondet auke aktiviteten markant og få tilført meir ressursar. Utan ein kraftig ressursauke vil ikkje AfDB kunne leve opp til dei ambisjonane regionale medlemsland har for institusjonen.

Evalueringa la grunnlaget for ein substansiell diskusjon om framtida til institusjonen, der tre ulike forslag til nivå for påfyllinga reflekterte dei "vegvala" rapporten meinte at gjevarane no stod overfor. Den klare tilrådinga om ein markert auke vs. alternativet med konsolidering og "status quo" kom til uttrykk i det høgste og det lågaste forslaget, med ein auke frå AfDF-IX på høvesvis 65 prosent og 30 prosent. Det budsjetterte norske bidraget var basert på ein auke på 65 prosent.

Elles stod spørsmålet om å auke gåvedelen av påfyllinga sentralt i forhandlingane. Dette var eit viktig punkt også under dei parallelle forhandlingane om påfylling av IDA, og ei vidareføring av det initiativet USA fremja sist det vart forhandla om påfylling av utviklingsfonda. Denne gongen var det fokusert på utrekningar av kva eit utviklingsland kan tole av gjeld – og dermed kor stor del av støtta som bør gjevast som gåver, i motsetnad til den meir vilkårleg fastsette delen under AfDF-IX.

Eit anna viktig tema i forhandlingane var oppretting av eit eige fond for sletting av gjeld i tildlegare konfliktramma land med sikte på snarleg tilbakevending til normal verksemd og støtte i desse landa. Vidare har banken lansert fleire initiativ for å sikre betre tilgang til vatn og sanitærføringsnett i Afrika.

Som ei følge av forslaga i evalueringa vart også tema som auka kapasitet til forskning og analyse, bruk av budsjettstøtte og sektorprogram, harmonisering og resultatstyring mykje diskuterte. Ein eigen handlingsplan vart utarbeidd parallelt med forhandlingsprosessen for å styrkje desse sidene ved institusjonen.

4 Sluttresultatet av forhandlingane

Dei operasjonelle føringane vert fastlagde gradvis gjennom forhandlingane og nedfelte i ein rapport som oppsummerer resultatet. Dei strategiske føringane for fondet under AfDF-X er:

- Fattigdomsreduksjon er framleis overordna, og Tusenårsmåla skal vere referansepunkt.
- Selektivitet og koordinering. Komparative fordelar skal framhevast og innsatsen harmoniserast med andre utviklingspartnarar.
- Styrkt eigarskap hos mottakar, mellom anna gjennom større innsyn og brei deltaking i prosjektførebuingar.
- Støtte til tidlegare konfliktramme land. Gjennom oppretting av det spesielle fondet for gjeldslette vil ein kunne vere meir offensiv på dette feltet.
- Innsyn og antikorrupsjon. Tiltak vil bli innførte for å gjere AfDB leiande blant regionalbankane når det gjeld innsyn.

Med brei semje om at Tusenårsmåla er grunnleggjande for innsatsen i fondet, vart det ikkje vedteke radikale endringar frå AfDF-IX med omsyn til dei operasjonelle føringane som skal liggje til grunn for verksemda under AfDF-X:

- Utvikling i landbruk og på landsbygda, utdanning og helse skal framleis ha høgste prioritet og komparative fordelar definerast betre.
- Primærutdanning og -helse vil vere spesielt prioritert.
- Vatn og sanitær blir eit svært viktig område for dei initiativa som vert sette i gang.
- Innsatsen for godt styresett skal aukast, ikkje minst på bakgrunn av den viktige rolla banken spelar i New Partnership for Africa's Development (NEPAD).
- Privat sektor. Fokus vil vere på små og mellomstore bedrifter, og mikrofinans vil stå meir sentralt.
- Regional integrasjon. Også her har banken ei viktig rolle innanfor NEPAD og 15 prosent av AfDF-X vil vere øymerkt regionale og multinasjonale prosjekt og program.
- Likestilling og berekraftig miljø. Omsynet til desse skal innarbeidast og varetakast i alle prosjekt.

For å hindre at medlemslanda legg seg til større gjeld enn dei kan handtere, vart det vedteke å basere fordelinga av gåver og lån på eit rammeverk utvikla av IMF og Verdsbanken, med nokre tilpassingar for AfDF. Rammeverket inneber at ein analyserer og rangerer kvart lands evne til å "tole" gjeld ut frå fastsette kriterium, og at gåvenivået vert fastlagt ut frå dette. Førebels utrekningar viser at av dei 40 AfDF-landa som er aktuelle, vil 26 land få all støtte i form av gåver, 11 land vil berre få lån og 3 land vil få omtrent halvparten av kvar. Det er venta at nærare 44 prosent av AfDF-midlane vil bli

ytt i form av gåver. Auka gåvenivå inneber at fondet vil få redusert tilbakeføring av midlar frå utlån. Det vart difor vedteke at gjevarlanda skal kompensere dette "tapet" i seinare påfyllingar – når inntektsbortfallet gjer seg gjeldande. Det vert understreka at ein frå norsk side ikkje har forplikta seg når det gjeld framtidige kapitalpåfyllingar i denne omgangen.

På bakgrunn av dei føreslegne scenaria for "vegval" i banken vedtok gjevarane at ein markant auke i påfyllingsnivå var nødvendig, og nivået vart sett til 3,657 milliardar Units of Account (UA) (tilsvarer Special Drawing Rights – SDR), medrekna ressursar genererte internt i AfDB, eller om lag 37 milliardar kroner. Dette gjev ein auke på 43 prosent i høve til den førre påfyllinga, men det er likevel første gongen ein passerer nivået for AfDF-VI (1991-93).

Det var fleire endringar i tilskota frå enkeltland i høve til AfDF-IX, med ein stor auke frå mellom andre Frankrike, som no er største bidragsytar, og Storbritannia. USA, Japan, Tyskland, Danmark og nokre andre reduserte sin del av påfyllinga med tilvising til både budsjettkrav og negativ kursutvikling for nasjonal valuta i høve til UA.

Noreg vart ståande med same prosentdel som i tidlegare påfyllingar, 3,54 prosent, og gav i tillegg eit ekstratilskot på 120 millionar kroner som m.a. vil kunne vere med på å styrkje bankens nye initiativ for vatn og sanitærtjenester i rurale område i Afrika, eit område vi er opptekne av å støtte. Dette medverka dessutan til å redusere gapet mellom målsetjinga for påfyllinga og det faktiske resultatet, og til ein forsterka tekst i sluttrapporten frå forhandlingane som forpliktar gjevarane til å finansiere tapt tilbakebetaling av lån som følgje av auka gåvenivå.

5 Det norske tilskotet til påfyllinga

Kvart lands tilskot til fondspåfyllinga vert fastsett i UA. Det norske tilskotet til kjernepåfyllinga er på 120 501 954 UA. Omrekningskursen mellom valutaen i gjevarlandet og UA er bestemt ut i frå eit gjennomsnitt av dagskursar over ei 6-månaders periode som vert fastsett som ein del av forhandlingane. For AfDF-X blei dette april-september 2004, og omrekningskursen for Noreg er sett til 1 UA lik 10,043895 kroner. Det norske bidraget til AfDF-X utgjer dermed omlag 1 210 millionar kroner, som skal innbetalast over tre år (2005-2007). I tillegg kjem det frivillige norske bidraget på 120 millionar kroner, til saman drygt 1 330 millionar kroner.

Dette gjev ei årleg utbetaling på ca. 443 millionar kroner. For 2005 er løyvingsbehovet innarbeidd i regjeringsforslaget til statsbudsjett, jf. St.prp.nr.1 (2004-2005), for Utanriksdepartementet. Det vil bli gjort framlegg om at dei budsjettmessige konsekvensane for seinare år blir dekte innanfor den bistandsramma som til kvar tid gjeld.

Saka får ingen administrative eller økonomiske konsekvensar utover betalinga av det norske bidraget.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til at Noreg deltek i den 10. påfyllinga av Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF-X).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til at Noreg deltek i den 10. påfyllinga av Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF-X), i samsvar med vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om samtykke til at Noreg deltek i den 10. påfyllinga av
Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF-X)**

I
Stortinget samtykkjer i at Noreg deltek i den
10. påfyllinga av Det afrikanske utviklingsfondet,

AfDF, med 1 330 308 973 kroner for perioden 1.
januar 2005 til 31. desember 2007.

Vedlegg 1**Tilskot til den 10. påfyllinga av Det afrikanske utviklingsfondet**

<i>Land</i>	<i>Byrdefordeling</i>	<i>Påfyllingsnivå i UA</i>	<i>Valuta</i>	<i>Valutakurs</i>	<i>Omrekna til lokal valuta</i>
Austerrike	1,650 %	56 166 165	EUR	1,206338	67 755 379
Belgia	1,550 %	52 762 403	EUR	1,206338	63 649 292
Canada	4,500 %	153 180 450	CAD	1,952329	299 058 635
Danmark	1,088 %	37 029 834	DKK	8,971507	332 213 419
Finland	1,500 %	51 060 150	EUR	1,206338	61 595 799
Frankrike	9,200 %	313 168 920	EUR	1,206338	377 787 569
India	0,174 %	5 923 753	INR	66,617014	394 622 739
Italia	4,000 %	136 160 400	EUR	1,206338	164 255 466
Japan	6,682 %	227 451 661	JPY	160,625842	36 534 617 784
Kina	1,642 %	55 893 844	USD	1,463498	81 800 529
Kuwait	0,167 %	5 684 697	USD	1,463498	8 319 542
Nederland	3,300 %	112 332 330	EUR	1,206338	135 510 756
Noreg	3,540 %	120 501 954	NOK	10,043895	1 210 308 973
Portugal	0,565 %	19 239 713	EUR	1,206338	23 209 597
Saudi-Arabia	0,301 %	10 249 416	USD	1,463498	15 000 000
Spania	2,200 %	74 888 220	EUR	1,206338	90 340 506
Storbritannia	7,500 %	255 300 750	GBP	0,807640	206 191 098
Sveits	2,432 %	82 784 402	CHF	1,853873	153 471 767
Sverige	4,000 %	136 160 400	SEK	11,043450	1 503 680 569
Sør-Afrika	0,118 %	4 013 829	ZAR	9,484235	38 068 095
Sør-Korea	0,636 %	21 649 504	KRW	1 694,819235	36 631 995 129
Tyskland	6,610 %	225 000 000	SDR	1,000000	225 000 000
USA	8,473 %	288 418 570	USD	1,463498	422 100 000
Totalt	66,9 %	2 445 021 385			
Tillegg	0,3 %	11 947 556			
AfDB-ressursar	32,8 %	1 200 000 000			
Påfyllingsnivå		3 656 968 941			

